

# Vår 2019: Emnerapport NOFI112 – Norrøn litteratur i omsetjing

Emneansvarleg: Jens Eike Schnall

Lærarar: Jens Eike Schnall & Zuzana Stankovitsová

## Emne

Emnet gjev ei elementær innføring i den norrøne litteraturhistoria, både gjennom oversynsverk og gjennom eit studium av tekstar i omsetjing. Hovudvekta er lagt på kongesoger og islendingesoger.

Kurset består ifølgje emneplanen av førelesingar (2 timar i veka) i om lag 12 veker. Obligatoria: Studentane må møta opp minst 75 % av undervisninga, og dei må skriva ei innleveringsoppgåve på 4-6 sider av eit fagleg tema på kurset.

Kurset gjekk i 12 veker (11 veker vanleg undervisning + deltaking i postgrad-konferanse i siste veke). 3 veker tok stipendiaten Zuzana Stankovitsová undervisninga, resten Jens Eike Schnall; Zuzana hospiterte regelmessig i timane før og etter dei timane ho hadde. Det hadde meldt seg 15 studentar til emnet (ca. 50-50 frå UiB og internasjonale stud.). 8 oppfylte dei obligatoriske krava og møtte til eksamen. Kurset gjekk som planlagt mtp. førelesingane. Kurset gjekk på engelsk og norsk.

## Undervisning

Det bleiv jobba med pensumlitteraturen (kongesoger, islendingesoger, sekundærlitteratur). For å støtta og førebu sjølvstendige forsking og akademiske skriving fekk studentane også opplæring i å bruka hjelpeemidlar så som handbøker, leksika, nettressursar etc. Dei bleiv kjende med nokre fagspesifikke ressursar på UB. Studentane fekk rettleiing på innleveringsoppgåvene, dei leverte utkast og fekk tilbakemelding på dei individuelt, viktige aspekt bleiv tatt opp i undervisninga.

I veka 15 hadde ikkje studentane vanleg undervisning, men var invitert til å delta på *The 13th International Postgraduate Symposium in Old Norse Studies* (8.-10. april i Bergen) og på byekskursjonen 11. april med våre internasjonale gjester. Det var ikkje obligatorisk for studentane å delta på heile konferansen, men dei skulle i det minste vera med på enkelte føredrag for å verta gjort kjende med formatet konferanse og bidra til internasjonalisering. I ramme av konferansen vart det òg organisert eit besøk på Spesialsamlingane for å sjå på handskrift(fragment); det bidrog til auka bevisstheit om primærkjeldene og positive studieopplevelingar.

## Tekniske rammevilkår

Undervisninga gjekk på Sydneshaugen skole, Auditorium E. Det vart brukt mest dokumentkamera og tavle, i tillegg PowerPoint. Det hadde vore ein fordel med fast installert dokumentkamera.

## Eksamens

Munnleg eksamen (15. mai).

## Strykprosent og fråfall

Strykprosenten er 0 %.

Fråfallsprosenten er 41,7 % (7 utav 15 påmeldte – 5 deltok få gangar eller aldri, to møtte uregelmessig og leverte ikkje oppgåva; ein av dei sendte ei melding sa frå at ho hadde meldt seg opp til langt fleire stp. enn ein normalt burde ta, så måtte trekka seg).

Sluttkarakterane er fordelt slik:

- A: 4
- B: 1
- C: 2
- D: 1
- E: 0
- F: 0

## Studieinformasjon

Informasjon på orienteringsmøte og UiB sine nettsider.

## Studentevaluering:

Studentane ga veldig positiv tilbakemelding allereie mens kurset gjekk, på både Zuzana si undervisning som undervisninga til Jens Eike Schnall. Det har berre kome eit individuelt svar etter eksamen:

«NOFI112 har vore eit givande, lærerikt og utfordrande fag. Forelesarane var særskild kunnskapsrike og engasjerande, og pensum hadde godt omfang, var interessant og informativt. Kombinasjonen av historie, litteratur og filologi gjer faget til eit særleg spennande fag med sjeldant god breidde. Det eg har å utsetja er at faget burde vore 15sp, og forelesningane gjerne lengre - dei to tilmålte timane var alt for korte! Etter denne erfaringa hadde med glede halde fram med norrønt dersom det var mogleg for meg.»

Kurset fungerte veldig bra: studentane var motiverte og flittige, kom førebudde, var engasjerte i diskusjonen og fungerte svært bra som gruppe.

## Forbetring

Kurset bør ha kollokvium med kollokvieleiar.

## Oppsummering

Studentane verka veldig fornøgd og har prestert veldig bra.

Jens Eike Schnall